



## FYLKESMANNEN I ROGALAND UTDANNINGSAVDELINGEN

### TILSYN MED TYSVÆR KOMMUNE

---

**TIDSPUNKT:** 15. Mars 2010      **Vår ref:** 10/929

**KOMMUNENS  
ADRESSE:** Rådhuset, Postboks 94, 5575 Aksdal

**KOMMUNENR:** 1146

**TILSYNSGRUPPE:** Helga Hellesø og Per Arne Sandvold

**KONTAKTPERSON  
I KOMMUNEN:** Skulesjef Hartvig Waage

---

**Heimel for tilsynet:**

Opplæringslova § 14-1, andre og tredje ledd og delegasjonsbrev datert 13.09.07 frå Utanningsdirektoratet.

**Tema for tilsynet:**

Tema for tilsynet er vaksenopplæring jf. Kap 4A i opplæringslova. Tilsynet skal vurdere om kommunen oppfyller krava i opplæringslova til forsvarleg system for å vurdere og følgje opp at grunnskoleopplæring for vaksne skjer i samsvar med krava i lova, jf. opplæringslova §13-10, første og andre ledd, og §§ 4A-1, 4A-4 og 4A-8, samt forskrift til opplæringslova kap 4.

**Samandrag av resultat:**

**Avvik 1:**

Kommunen sikrar ikkje at vaksne med rett til grunnskuleopplæring får enkeltvedtak ved inntak i tråd med reglane i opplæringslova og forvaltningslova.

**Avvik 2**

Kommunen sitt system sikrar ikkje at det vert gjennomført undersøkingar for å følgje opp om alle krava i opplæringslova om grunnskuleopplæring for vaksne vert følgd.

---

Per Arne Sandvold  
rådgivar/tilsynsleiar

Helga Hellesø  
rådgivar

## **Innhald**

1. Innleiing
2. Dokumentunderlag
3. Avvik
4. Gjennomføring
5. Oppfølging

## **Vedlegg:**

Vedlegg 1: Dokumentunderlag for Fylkesmannen sitt tilsyn

Vedlegg 2: Deltakarar ved Fylkesmannen sitt tilsyn

## **1. Innleiing**

Rapporten er utarbeida etter tilsyn med Tysvær kommune 15.mars 2010.

Tilsynet fokuserer på om kommunen oppfyller dei nemnde lovkrava innafor oppgitte emne, sjå ”Tema for tilsynet”, og rapporten viser avvik og merknader som blei funne under tilsynet. Rapporten gir derfor inga fullstendig vurdering av kommunen som skuleeigar.

Formålet med tilsynet er å vurdere om Tysvær kommune har tilfredsstillande styring i forhold til reglane som regulerer kommunen si plikt til å ha eit forsvarleg system. Tilsynet omfatta blant anna å undersøke om:

- aktivitetar blir utført som dokumentert og uttalt
- kommunen driv verksemda si innafor eigne rammer og dei rammene styresmaktene har sett

Tilsynet blei gjennomført ved gransking av dokument, ved intervju av sentralt plasserte personar i organisasjonen, og ved verifikasjon av om rutinar, prosedyrar og instruksar blir følgde i praksis. Tilsynet fokuserte på kommunen sin oppfylling av krav på områda nemnd over. Eventuelle funn ved tilsynet er formulert som avvik og/eller merknader.

- **AVVIK** blir definert som mangel på oppfylling av krav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift.
- **MERKNAD** gjeld forhold som ikkje blir omfattat av definisjonen for avvik, men som kan føre til lovbro, dersom ikkje gjeldande praksis vert endra.

## **2. Dokumentunderlag**

Dokumentunderlaget for tilsynet var:

- Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)
- Forskrift til opplæringslova
- Korrespondanse mellom kommunen og Fylkesmannen

### 3. Avvik og merknad

#### **Avvik 1:**

Kommunen sikrar ikkje at vaksne med rett til grunnskuleopplæring får enkeltvedtak ved inntak i tråd med reglane i opplæringslova og forvaltningslova.

#### **Avvik frå:**

Opplæringsloven §§ 4A-1 jf. forvaltningslova §§ 2 første ledd pkt b, 23, 24 og 27.

#### **Lovkommentar:**

Retten til grunnskuleopplæring for vaksne er ein individuellrett. Individuelle rettar skal behandlast etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova, jf § 2 første ledd pkt b. Enkeltvedtak er vedtak som gjeld rettar eller plikter til ein eller fleire bestemte personar, skal være skriftleg og skal grunngjenvært jf forv.l. § 23-24. I vedtaket skal det opplystast om klagerett, klageorgan og klagefrist, den nærmare framgangsmåte ved klage og retten til å sjå dokumenta i saken jf forv. § 27

#### **Avviket er basert på følgjande observasjonar:**

Kommunen fattar ikkje enkeltvedtak for deltakarar i grunnskoleopplæring for vaksne, men saka har vore diskutert i kommunen.

Kommunen vurderer behovet til den einskilde eleven og tildeler plass, men fattar ikkje vedtaket skriftleg og opplyser ikkje om klagerett, klageorgan, klagefrist, den nærmare framgangsmåte ved klage og retten til å sjå dokumenta i saken. Kommunen har forsøkt å få avklart om det er krav om enkeltvedtak ved inntak av vaksne i grunnskoleopplæring, utan å lukkast.

#### **Avvik 2**

Kommunen sitt system sikrar ikkje at det vert gjennomført undersøkingar for å følgje opp om alle krava i opplæringslova om grunnskuleopplæring for vaksne vert følgt.

#### **Avvik frå:**

Opplæringslova § 13-10, 1. og 2.ledd

#### **Lovkommentar:**

Kommunen er ansvarleg for at opplæringslova vert følgt. Dette inneber at kommunen si leing må etablere eit system som gjer kommunen kunnskap om oppfølging av opplæringslova i den einskilde verksemda, og som sikrar at avvik frå lovreglane vert følgt opp gjennom relevante tiltak.

Dette inneber mellom anna:

- Kommunen må kunne beskrive systemet og dokumentera at det er gjennomført i relevante delar av verksemda
- Kommunen skal sikre at systemet er kontinuerleg, konsistent og robust mot endringar i organisasjonen
- Systemet må vere gjennomført i organisasjonen – det er korleis systemet fungerer i praksis som er avgjerande med omsyn til om det er lovmessig

- Kommunen er ansvarleg for jamleg resultatoppfølging og skal stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava i lova skal oppfyllast.

#### **Avviket er basert på følgjande observasjonar:**

Kommunen fattar ikkje enkeltvedtak om grunnskoleopplæring for vaksne og kommunen sitt system har ikkje avdekkat at slike vedtak ikkje vert fatta.

Kommunen opplyser at det er månadleg oppfølging av budsjett, to tertialrapportar i året og årsrapportering. Opplæringsenteret opplyser at dei berre har utført årleg rapportering.

Dei som skal gjennomføre grunnskoleopplæring for vaksne, er usikre på om dei vil få tilført nødvendige ressursar i form av budsjettmiddel for å gjennomføre opplæringa, særleg gjeld dette ved endra behov.

## **4. Gjennomføring**

Tilsynet er gjennomført på følgjande måte:

Varsel blei sendt ut:	15.02.10
Formøte blei gjennomført:	08.03.10
Tilsyn med intervju blei gjennomført:	15.03.10
Sluttmøte blei gjennomført:	26.04.10

I vedlegg 2 er det gitt en oversikt over deltakarane på tilsynet.

## **5. Oppfølging**

Kommunen har oversendt dei dokumenta som Fylkesmannen har bedt om under tilsynet. I følgjebrevet til denne rapporten er det gjort eit vedtak med pålegg om retting av dei forholda som ligg til grunn for at kommunen får avvik frå opplæringslova. Kommunen har fått ein bestemt frist for å rette på forholda.

Når kommunen har bekrefta skriftleg at forholda Fylkesmannen har peika på er retta, vil Fylkesmannen vurdere kommunen sin oppfølging. Kjem Fylkesmannen til at rettinga er tilfredsstillande, vil avviket bli lukka og tilsynet avslutta.

## **Vedlegg 1: Dokumentunderlag for Fylkesmannens tilsyn**

---

### **Dokumentasjon fra Tysvær kommune, skulesjef Hartvig Waage:**

1. Delegasjonsreglement.
2. Organisasjonskart Tysvær kommune.
3. Stillingsannonse rektor.
4. Årshjul Kvalitet
5. Dialogmøter
6. Ekstern vurdering
7. Skolevurdering Tysvær opplæringssenter
8. Rapport fra ekstern skolevurdering Tysvær opplæringssenter nov 2008
9. Kvalitetsvurderingssystem for skulane
10. Romprogram Tysvær opplæringssenter
11. Tysvær opplæringssenter – finansiering (utdrag fra regneark Intro-programmet)
12. Dialogmøtet 2007 – tilbakemelding Tysvær opplæringssenter
13. Introduksjonsprogrammet – saksutgreiling finansiering av opplæring
14. Dialogmøter våren 2007 – plan
15. Dialogmøter våren 2008 – plan
16. Tilstandsrapport for Tysværskulen 2009/10
17. Samla kompetanse 2009 resultatområde skule
18. Årshjul for elevvurdering i Tysvær
19. Strategiplan for kvalitetsutvikling i Tysværskulen 2009-2012

### **Dokumentasjon fra Tysvær opplæringssenter, rektor Sissel Håvås Nereng:**

1. Rutine for informasjon.
2. Tysvær opplæringssenter 2010, informasjonshefte.
3. Tysvær opplæringssenter, brosjyre.
4. Skjema. Søknad om grunnskoleopplæring for voksne.
5. Annonse sept. 2009.
6. Organisasjonskart Tysvær opplæringssenter, intern prosess har starta vedk. ansvarsfordeling/organisering.
7. Inntaksprosedyre. Rutinar for kartlegging av den enskilde søker.
8. Rutinar for rapportering.
9. Årsmelding 2009.
10. Handlingsplan 2010, TOS er midt i en prosess på dette området.
11. Plan for kompetanseutvikling, grunnskole for voksne.
12. Samarbeid i team.
13. Skjema enkeltvedtak. §4A-2 spesialundervisning på grunnskolens område. Ved behov ulykke/sjukdom/skade.
14. Halvårsverdning og undervegsverdning 09/10 3 deltakarar.
15. Årsplanar og vekeplanar 09/10.

**Vedlegg 2: Oversikt over personane frå kommunen som var direkte involvert i tilsynet**

Navn	Funksjon	Formøte	Intervju	Sluttmøte
Arvid Vallestad	Rådmann	X	X	X
Hartvig Waage	Skulesjef	X	X	X
Sissel Håvås Nereng	Rektor Tysvær opplæringssenter	X	X	X
Liv Berit Stavland	Avdelingsleiar avdeling Hamrane, Tysvær opplæringssenter	X	X	X

Frå Fylkesmannen deltokrådgivar Helga Hellesø og rådgivar Per Arne Sandvold.  
Den siste var tilsynsleiar.